

Om Kant og “Augenschein”, Speech Act-/Performativitets- /Textual Action-teori

© Lars Sætre 2018

[Utdrag frå eit e-postsvar til ein mastergradsstudent i Allmenn litteraturvitenskap, UiB, H-2018:]

I samband med spørsmålet ditt om Kant, er det to faktorar som eg ser som spesielt viktige: *sansinga* og *språket* (til forskjell frå objektet/noumen, tingen i seg sjølv): Desse er begge viktige og avgjerande i og for førestillingsevna eller innbillingskrafta vår. Dei er hos Kant så å seie strukturelle vilkår for den. Åleine i denne forstand er den å forstå som “subjektiv”. Som slike vilkår, legg dei eit systematisk-strukturelt, men over tid prosessuelt foranderleg, vilkår eller grunnlag for vår tilgang til kunnskap, viten, innsikt – til objektverda/noumena, tinga i seg sjølve.

Det allmenne spørsmålet om kunst og erkjenning, og spørsmålet om erkjennande tilgang til ei objektiv verd, har vore stilt mange gonger opp gjennom historia. Det har neppe fått semje-klare og tidslause svar, som “alle” tanke- og teoriretninger einast om. Kant er ein viktig, og for Det moderne svært viktig, tenkjar av desse spørsmåla.

(1)

Kant er den filosofen som vi – etter Kant (i såkalla post-kantiansk tenking) – knyter det kritisk-teoretiske begrepet mulighetsbetingelsar/mulighetsvilkår til. Mulighetsvilkår (conditions of possibility) er det som gjer eit objekt, eit noumenon (den tenkte tingen i seg sjølv, das Ding an sich), “noko i verda”, mogleg: Mulighetsvilkåra gjer desse moglege for framtreding for oss, dvs. for appersepsjon og for samanfatting (sjå nedanfor for desse to si betydning i og for dømmekrafta og i og for litteraturen/kunsten/estetikken). Dei gjer desse moglege å erfare (sanse og forstå, og formulere i språket). At eit objekt eller eit noumenon i verda kan framstå (sansing) for oss i forstanden vår (kan gjerast tilgjengelege for forståinga vår), og kan givast språkleg formulering, avheng dermed av ei rekke vilkår som nettopp gjer dei moglege i denne meiningsa. Døme er: romlighet (kontekst), temporalitet (utstrekning i tid) [begge desse gir vilkår for repetisjon, men av to ulike typar; jfr. nedanfor; vidare:] omfang/utstrekning, relasjon, modalitet, osv. (Hos Kant er altså noumenon klart forskjellig frå Phänomenon/fenomenet, som er das Ding for mich; sjå nedanfor.) Slike mulighetsvilkår er i språket predikat (til tingobjekta).

Tenkninga av mulighetsvilkåra er viktig for måten som vi ikkje berre i mangt problemfritt (men “feilaktig”) i kvardagslivet trur at vi forstår den objektive verda på. Tenkinga av mulighetsvilkåra er også viktig for forstanden/forståinga vår, og for måten som vi brukar og som vi kan forholde oss til dømmekrafta vår på. Slik er hos Kant erkjenning (“sann” viten/kunnskap) avhengig både av sansing og språk, men også av dei vilkår som gjer (den forestilt/innbilt) objektive/noumen-ale verda mulig på. Det er i dette skismaet at Kant innfører det viktige skillet mellom Ding an sich og Ding für mich.

Slike mulighetsvilkår utviklar Kant til tenking av kategoriar (og tenking av kategoriar til mulighetsvilkår). (Tenkinga av kategoriar er i seg sjølv gammal, bl.a. Aristoteles har tenkt fram ei rekke kategoriar (eg listar dei opp nedanfor); vi kan seie at Kant systematiserer desse, og med eit kritisk blikk.) At noko er kategorialt betinga, eller betinga av mulighetsvilkår, gjer at tilgangen vår til den objektive verda og til direkte kunnskap om/erkjenning av den, er vanskeleggjort hhv. forhindra av eit komplekst filter: mulighetsvilkåra, eller kategoriane (knytte til objektverdas tilkomst og beskaffenhet, men også minst like mykje til sansing og til språkleggjering). At noko er kategorialt betinga, gjer at Kant problematiserer kunnskap/erkjenning.

Kategoriane kan ikkje gi kunnskap om/erkjenning av dei individuelle, partikulære objekta i verda. Men eitkvart objekt i verda må ha / har kategoriar som sine karakteristika for å kunne bli objekt for erfaring. Slik tenkt, gjeld kategoriane som predikat for objekt generelt sett, ikkje spesifikt sett som knytte til eitt singulært objekt.

Kant meiner at vi forheld oss til kategoriane i og over tid (tid i seg sjølv er ein del-kategori), og at vi i denne dels varige, men altså også dynamisk prosessuelle tidssamanhengen opererer med og forheld oss til skjema/skjemata (som altså gradvis eller ved sprang endrar samansetting). Kunst-/litteraturforskalar som byggjer på Kants skjemata-tenking er t.d. Ernst Cassirer, og (i ein variant og ei vidareutvikling av Cassirer:) Frederik Tygstrup (sjå dr.avhandlinga hans om den moderne romanen, og enkeltartiklar av han om samme og liknande).

Men andre litteraturforskalar, som trekkjer Kants mulighetsvilkårs/kategori-tenking endå og markert annleis lenger, i retning av spørsmålet om materialitet og litteraturens forhold til denne, er Paul de Man (*Aesthetic Ideology*, dette er den seine PdM), J. Hillis Miller (i fleire bøker, *Topographies* er sentral blant desse), og ikkje minst: dei forskarane, inkludert Hillis Miller, som har bearbeidd materialitets-problematikken, fokusert og djupt, etter Paul de Man, spesielt i denne boka: Tom Cohen, Barbara Cohen, J. Hillis Miller, og Andrzej Warminski (red.): *Material Events. Paul de Man and The Afterlife of Theory*; eg limer inn innhaldsoversynet i denne nedanfor, og peikar dér på eit par artiklar som eg trur kan vere av stor relevans for deg. Denne boka kombinerer Kants kunsttenking/dømmekrafttenking med speech act-teoriens linje frå J.L. Austin—over Derrida—til Hillis Miller.

Kant (a): Du hugsar frå 301 som kor tidmessig “riktige” (og i den forstand radikale) Kant sine tre hovudarbeid kan oppfattast (*Kritikk av den reine fornufta*; *Kritikk av den praktiske fornufta*; og *Kritikk av dømmekrafta*, alle frå sein 1700-tal): Her er det eit tenkingsspor som eg vil minne om. Innanfor kritisk teori sitt historie-filosofiske “attersyn” finst ei rekke analysar av det moderne si framandgjering og oppsplitting i ulike kompetanseområde, men i dette, og paradoksalt: samtidig Det moderne si utvikling fram mot aukande frigjering. Her er det mange, men dette gjeld særlig i arbeida til Marx/Engels, og vidare i dei såkalla venstre-hegelianske nyutviklarane: Frankfurterskolen sine arbeid, og i arbeid av Frankfurterskole-forløparar hhv. sideløparar hhv. vidareførarar, som den unge Georg Lukács (*Die Theorie des Romans*) og Peter Szondi (*Theorie des modernen Dramas*), og i dette oversynet, endeleg: Jürgen Habermas (du har av meg (301) fått pdf av Habermas sin viktige tale (artikkel) ved utdelinga til han av Adorno-prisen 1980: “Det Moderne: Et ufullendt prosjekt”).

I desse arbeida ligg den analysen, som i samfunnets overbygning finn den prosessuelle framandgjeringa manifestert, frå andre halvdel av 1700-talet av (dvs. i Det Moderne, som byrjar dér), i tre sanse-, tenkins-, handle- og praksissfærer, som alle krev massivt forhøga (paradoksalt både frigjeraende, men samstundes også ytterlegare framandgjeraende, spesialkompetanse): Vitskap/Kunnskap/Det Sanne (jfr. den reine fornuft) — Moral/Religiøs tru, deretter: Normgivande Rett/Juss/Rettsinstansar/Det Rette (jfr. den praktiske fornuft) — Litteraturen/Kunsten/Det estetiske/Det Skjønne/Vakre (jfr. dømme-/vurderings-/verdisettingskrafta).

Når Kant som tidleg moderne tenkjer desse tre kritikkane sine, plasserer han seg som tidlegmoderne innanfor det både samtidig og i ettertid etablerte modernitetsmønsteret av Sanning, Moral, og Skjønnhet. I dette mønsteret blir Det skjønne,

litteraturen, kunsten, estetikken gitt den komplekse oppgåva å forsøke å ettergå den framandgjerande oppsplittinga, men samtidig og ikkje minst forsøke – skapande – å hele/gjere frisk att/heilskapleggjere den oppsplitting og framandgjering som menneskeleg verksemde i forhold til den objektive verda nødvendigvis er blitt påført, og som nå etter kvart blir avlesbart i Det moderne, og i litteraturen i Det moderne. Her (jfr. ovanfor) har litteraturen den doble, og eigentleg uforeinlege oppgåva både å fange inn verdas ekstensive utbreiing (serialitet; Hillis Millers ungrounded repetition), og den heilskapleggjeraende (og estetisk og fiktivt) “trøystande” samanbindinga og ny-forankringa av det som er spreidd og splitta (heilskapleggjeringa; “totaliseringa”, til ein ny meiningsfull samanheng; jfr. Hillis Millers grounded repetition). Jfr. her Kant sine måtar å formulere dette paradokset på i *Kritikk av dømmekraften*: Han skriv om samanstøyten mellom innbillingskraftas [syntagmatiske] ”Auffassung (apprehensio)”, og dens [paradigmatiske] ”Zusammenfassung (comprehensio aesthetica)”.

Kant (b): Når Kant kritisk analyserer dømmekrafta i den tredje kritikken sin, og i denne gjer seg sterkt gjeldande innanfor estetisk tenking, er den som forskingsfront ved byrjinga av Det moderne, i estetikken hans, svært oppatt av dei mulighetsvilkårsgivande, “filter”-relaterte komponentane. (Hugs at dette hos Kant er ei kritisk-teoretisk tilnærming til det moglegjorte/det moglege; og kom i hug dei innleiande merknadene mine ovanfor om at hos Kant står særleg sansinga og språklegheita sentralt). Desse komponentane er: sansingas bidrag; derav stimulerte emosjonar/førelsar/affektar i oss, hos Kant særleg dei som ytterpunkt motståande førelsane av lyst og ulyst (av glede og av frykt); forestillingas bidrag (mi danning av Phänomene/fenomen som ”bilete”); og språkets/språklegheits bidrag: formuleringa.

Det føregåande utviklar Kant på basis av det svært viktige grunnfilosofisk (og etter mitt syn korrekt) etablerte skillet hans mellom das Ding an sich og das Ding für mich: Dette er igjen basert på ”filteret” mellom enkeltobjekt/noumena og Phänomene, ”filteret” mellom objekta i verda og desse slik dei som erfaring kun kan framstå for meg (gjennom sanseimpulsar avgitt frå dei, mi eiga sansing av dei, mine førelsar/emosjonar overfor dei, mine førestillingar av dei, min refleksjon over dei, mi erfarringsbaserte handling i forhold til dei, og mi formulerete språkleggjering av dei). Denne ”filter”-/mulighetsvilkårs-/kategori-/skjemata-tenkinga hos Kant gjer direkte erkjenning av det forestilte, i seg sjølv eksisterande einskildobjektet i verda rimelegvis umogleg, for ei praktisk innretta eksistensverd ei heller umiddelbart ønskeleg. I og med Kant, og etter Kant/post-kantiansk, er eikvar *direkte* erkjenning av/kunnskap om individuelle, partikulære objekt i verda umogleggjort. Dét betyr etter mitt syn imidlertid ikkje at ”litteratur/kunst ikkje kan gi erkjenning, eller at litteratur/kunst ikkje kan gi kunnskap om objekta, eller at litteraturen ikkje kan gi erkjenning”. Her må vi gå nennsamt og gradvis til verks. Meir om dette i det følgjande, der vi må fokusere på Kants tenking av *det sublime* (i Kants formulering: ”das Erhabene”):

I den sublime erfaringa bryt sanse- og språkfilteret momentant i augneblinken saman. Dér bryt sanseimpulsane frå verda direkte igjennom i augneblinkar, og skiplar tilsvarande språkfilteret idet det erfarannde mennesket brått står utan formulering(sevne) overfor det direkte sansa. Det som er umogleg hos Kant, er direkte erkjenning; fullt mogleg hos Kant er imidlertid direkte sansing – i momentane glimt i den sublime erfaringa: Denne direkte sansinga (“ein Augenschein” (“an eye eyeing”)) og språksamambrotet som den momentant fører med seg – i det sublime – er den kantianske og post-kantianske føresetnaden for at litteraturen/kunsten kan legge til rette for ny innsikt/kunnskap/erkjenning (og for at litteraturen/kunsten i det sublime momentant kan framstå som ein særeigen, mulighetsgivande veg til ny erkjenning). Slik er det, all den tid både sansinga heretter, og språket/språklegheita heretter, må refigurere seg/refigurerast av oss som ”filter” ved vår eiga valde, inaugorative handling, og slik subsumere det nettopp inntrufne i ei ny konkretisering som heretter vil måtte gjelde som ny forståing og ny erkjenning av verda. Inntil eit nyt oppbrot i det sublime finn stad. (Det er altså skilnad på ei enkelt forstått direkte erkjenning, og ei komplekst forstått direkte sansing som i sprang og som prosessuelt mulighetsvilkårsgivande legg grunnlaget for ny erkjenning.)

Kant analyserer og skriv om det vi som erkjenningssøkande kan erfare, forstå med forstanden vår, og som vi dermed kan forholde oss til ut frå dei mulighetsvilkår som er operative og gjeld. Det er slik at Kant i denne tenkinga si opererer mykje innanfor det vi allment kan kalle eit register av førelsar og språk (og ikkje berre innanfor meir eller mindre uproblematiserte innhaldestorleikar; men ei heller innanfor ei enkel subjektiv-tenking, som eg nemnde innleiingsvis). Skal ein tilbakeskodande på Kant systematisere rekka av mulighetsvilkårsgivande komponentar som er operative i erkjenningsspørsmålet, får vi denne serien: sansingas bidrag, emosjonar med ytterpunkta lyst (glede)/ulyst (frykt); forestillingsevnas bidrag: forestillingar; handlingsevnas bidrag, og språkets/språklighetens bidrag: formuleringa.

Det er nemleg òg slik at kunnskap/innsikt/erkjenning hos Kant blir kritisk problematisert i *det heile tatt*, og blir kritisk analysert ut frå erkjenningas mulighetsvilkår. Slik forstått, gir litteraturen/kunsten – og litteraturen/kunsten i særdelesheit – ei mulighet for ny innsikt/kunnskap/erkjenning ved at den stundom, ved momentane hendingar/innbrot i erfaringa, brått kan bryte sanse- og språkfilteret av mulighetsvilkår, og i glimt opne for den reine sansinga: ”ein Augenschein” (“what manifests itself to the eye”)/”det som viser seg for øyet”/”a tautological eye eyeing” (Hillis Miller (“Paul de Man as Allergen”, 192)).

Eg siterer her for deg utdrag frå dei Kant-paragrafane (§ 26 og § 29) og -sidene som dette gjeld – frå Kants *Kritikk av dømmekraften*. (Eg siterer på engelsk frå standardverket i Werner S. Pluhars omsetting, og gir deg samstundes sidetilvisingane i Espen Hammers norske omsetting. Originalkjelda mi på tysk er heile vegen *Kritik der Urteilskraft*. Stuttgart: Reclam, 1991.). Legg merke til korleis Kant si tenking koplar på den eine sida mennesket og (her både) erfaringas og erkjenningas mulighetsvilkår i møtet med dei sublime (hos Kant: ”erhabene”), overveldande sanseimpulsane frå tre (på den tida) enormt emosjonelt kraftige, og ”filter”-skipande naturfenomen (den nattlege stjernehimmelen; det frådande havet; og den like formåls- og interesselauast sansa menneskekroppen; jfr. lyst (glede) og ulyst (frykt)), med på den andre sida diktarens/litteraturens måte å forholde seg til tilsvarande på (“wie die Dichter es tun”/”as poets do”/”som dikterne”). – Eg viser deg her samstundes til at det er på desse punkta at dekonstruksjonen og den radikalt skapande performativitets-/textual action-tenkinga (Derrida, de Man, Hillis Miller, Warminski, Tom Cohen) meiner at Kants rigide filosofiske system ”bryt saman”. Men samstundes held denne radikale tenkinga av Kant fast ved at den grense- og ”filter”-sprengande, direkte sansinga er materielt-kreativt skapande for litteraturens konteksttraverserande, repetitivt-momentane (ungrounded), innovativt vilkårsgivande tilrettelegging og vilkårsgrunning for at ny erkjenning/kunnskap/innsikt kan oppstå, i samverknad med vår derpå handlande og ny-kontekstualiseringe medverknad.

§ 26: [...] In order for the imagination to take in a quantum intuitively, so that we can then use it as a measure or unity in estimating magnitude by numbers, the imagination must perform two acts: *apprehension* (*apprehensio*), and *comprehension* (*comprehensio aesthetica*). [Footnote: *Zusammenfassung*. ‘Comprehension’ and ‘comprehend’ are used

in this translation only in the sense of ‘collecting together and holding together’ (cf. ‘comprehensive’), never in the sense of ‘understanding’.] Apprehension involves no problem, for it may progress to infinity. But comprehension becomes more and more difficult the farther apprehension progresses, and it soon reaches its maximum, namely, the aesthetically largest basic measure for an estimation of magnitude. For when apprehension has reached the point where the partial presentations of sensible intuition that were first apprehended are already beginning to be extinguished in the imagination, as it proceeds to apprehend further ones, the imagination then loses as much on the one side as it gains on the other; and so there is a maximum in comprehension that it cannot exceed. [...]

[I dette paradokset ligg den moderne litteraturens to motstridende krefter av innedekking av verdas ekstensive totalitet (temporal serialitet, konteksttraverserande repetisjon av type 2), og av heilande, heilskapleggerende romleggjering (ny kontekstualisering forankring etter utfordra handling, repetisjon av type 1). Språkleg metonymiske strukturar vs. språkleg metaforiske strukturar. Forsvinnin vs. heilskap. – LS]

(Immanuel Kant. *Critique of Judgment*. Transl. Werner S. Pluhar. Indianapolis/Cambridge: Hackett, 1987. 108. – Jfr. *Kritikk av dømmekraften*. Transl. Espen Hammer. Oslo: Pax, 1995. 125.)

§ 29: [...] We must in all of this be mindful of the injunction given above, namely, that the transcendental aesthetic of judgment must be concerned solely with pure aesthetic judgments. Hence we must not take for our examples such beautiful or sublime objects of nature as presuppose the concept of purpose. For then the purposiveness would be either teleological, and hence not aesthetic, or else be based on mere sensations of an object (gratification or pain) and hence not merely formal. Therefore, when we call the sights of the starry sky *sublime*, we must not base our judgment upon any concepts of worlds that are inhabited by rational beings, [Footnote: Kant discusses the possibility of extraterrestrial life elaborately (and movingly) in his *Universal Natural History and Theory of the Heavens* (1755), Ak. I, 349-68.], and then [conceive of] the bright dots that we see occupying the space above as being these worlds’ suns, moved in orbits prescribed for them with great purposiveness; but we must base our judgment regarding it merely on how we see it, as a vast vault encompassing everything, and merely under this presentation may we posit the sublimity that a pure aesthetic judgment attributes to this object. In the same way, when we judge the sight of the ocean we must not do so on the basis of how we *think* it, enriched with all sorts of knowledge which we possess (but which is not contained within the direct intuition), e.g. as a vast realm of aquatic creatures, or as the great reservoir supplying the water for the vapors that impregnate the air with clouds for the benefit of the land, or again as an element that, while separating continents from one another, yet makes possible the greatest communication among them; for all such judgements will be teleological. Instead we must be able to view the ocean as poets do, merely in terms of what manifests itself to the eye – e.g. if we observe it while it is calm, as a clear mirror of water bounded only by the sky; or, if it is turbulent, as being like an abyss threatening to engulf everything – and yet find it sublime. The same applies to the sublime and beautiful in the human figure. Here, too, we must not have in mind [*zurücksehen auf*], as bases determining our judgment, concepts of the purpose *for which* man has all his limbs, letting the limbs’ harmony with these purposes *influence* our aesthetic judgment (which would then cease to be pure), even though it is certainly a necessary condition of aesthetic liking as well as that the limbs not conflict with those purposes. Aesthetic purposiveness is the lawfulness of the power of judgment in its *freedom*. [Whether we then] like the objects depends on [how] we suppose [*setzen wollen*] the imagination to relate [to it]; but [for this liking to occur] the imagination must of its own sustain the mind in a free activity. If, on the other hand, the judgment is determined by anything else, whether a sensation proper

[*Sinnsempfindung*] [Footnote: As distinguished from ‘sensation’ as meaning feeling. Cf. Ak. 291 incl. br. n. 19. (If the aesthetic judgment [of liking, which is a feeling] were determined by sensation proper, it would be a judgment about the agreeable, [and “lawful” only empirically]. Cf. Ak. 205-06.)] or a concept of the understanding, then the judgment is indeed lawful, but it is not one made by a *free* power of judgment. [...]

(Immanuel Kant. *Critique of Judgment*. Transl. Werner S. Pluhar. Indianapolis/Cambridge: Hackett, 1987. 130f. – Jfr. *Kritikk av dømmekraften*. Transl. Espen Hammer. Oslo: Pax, 1995. 145f.)

Denne tenkinga hos Kant er altså blitt vidareført av dekonstruksjonen i eit speech act-/performativitets-/textual action-perspektiv, som opnar for den mulighetsvilkårs-betingande og -endrande “filter”-tenkinga som spesielt i litteraturen moggeliggjer dei oppbrota (sansing, språk) som ut av dei sublime konfrontasjonane betingar fenomenale, ny/rekonstekstualiseringe handlings- og fomuleringsval som gir ny innsikt/kunnskap/erkjenning, og som eg i forskinga mi har bygt ein del på. Dei momentane innbrota av direkte sansing og skipling av språkgitteret er innanfor nyare performativitets- og textual action-tenking jamførbart med dei momentane innbrota av kontekstlaus (konteksttraverserande/-overgripande), ungrounded repetisjon (Hillis Miller, de Man, Warminski, Cohen og andre). Hos dei sistnemnde inneber den i litteraturen direkte sansinga som slik inntreffer abrupt, sanse- og språk-skiplante, at den triggar ny/re-kontekstualisering, og gir mulighet for ny erkjenning/innskikt/kunnskap. Denne blir moggeliggjort momentant/i augneblinken, og blir kalla *material vision* (til forskjell frå kontekst-bunden, fenomenologisk, gjengs eller praktisk-/formåls-operativ *vision*). Det er ein innsiktsfremjande “Augenschein” (“what manifests itself to the eye”/“det som viser seg for øyet”/“a tautological eye eyeing” (Hillis Miller (“Paul de Man as Allergen”), 192).

Dette til forskjell frå t.d. den i forhold til Kant seinare Hegel, som eit godt stykke på veg er innhaldsorientert i sin dels spekulative, idealistiske filosofi og sin estetikk (og som altså ikkje er primært mulighetsvilkår-/“filter”-orientert, dvs. sanse-/kjensle-/forestillings- og språklegheits-orientert, på ein tilsvarannde måte som Kant er det). – Likevel, dét skal Hegel ha: Han er sansande vår overfor korleis det i den litterære/estetiske gjenstanden, under dens utvekslande samanhengar med sosiale og kulturelle forhold, prosessuelt kan skje ei dialektisk omdanning av (nedfall av/precipitation of) innhald til formtrekk, og av formtrekk til innhald: Dette er ei forteneste som Hegel med sin dynamisk triadiske, prosessuelle tankemodell i tese—antitese—opp-hevande syntese, som igjen blir til tese—antitese—syntese, osv., har bidratt med. Denne er blitt produktivt vidareført og utvikla innanfor hegeliansk inspirert litteratur- og kunsttenking: Det har skjedd bl.a. hos Frankfurterskolen, ikkje minst hos Adorno, hos beslekta teoretikarar som den unge Georg Lukács og Peter Szondi, og hos andre hegelianske vidareførarar og -

utviklarar, som i den franske Hegel-formidlinga hos Alexandre Kojève, og hos, for vår tid viktige, litteratur/kunst/estetikk-tenkjarar som Maurice Blanchot og Jacques Rancière. – Hovudgrunnen til at eg skriv til desse linjene også om Hegel og hans etterfølgjarar og nybearbeidarar, er at å halde Hegel beint fram som innhalds-tenkjar, ikkje ber heilt ut: Han er òg oppatt av formale trekk, i dialektisk samverknad med dei innhaldsmessige – og begge i samverknad med det esktra-litterære – i litteratur, kunst og estetikk.

(2)

Om serien: Sanseimpulsar gitt av verda – sansinga (deriblant lyst, glede vs. ulyst, frykt) – forestillinga – refleksjonen – eigenhandlinga – den språklege formuleringa:

Det er litt meir komplisert enn at poesien “kan formilde erkjenningar”, og enn at “poesi er ei form for erkjenning i seg sjølv”: Med dette meiner eg at litteraturen, bl.a. basert på dens sanse- og språkfilosofisk forståtte eigenskap av å kunne repete på to radikalt ulike måtar (grounded, og ungrounded) – altså ikkje berre referensielt/mimetisk og dermed kontekst-forankra, men òg kontekst-overskridande/traverserande, som krev ny erkennande kontekstualisering – stiller seg som språklegheit open for at den objektive verdas sanseimpulsar tidvis kan sleppe til utan filter. Dvs. litteraturen kan sanse- og språkhandle/la noko hende og inntreffe: I slike tilfelle skjer dette utanfor/bakanfor allereie sanse- og språkleg eksisterande, skjemata-mulighetsvilkår, epokale skjemata. Det skjer utanfor hittil (kontekstuelte baserte og forankra) gjeldande og tilgjengelege begrep og språklighet, men i glimt som ikkje-“filtrert”, direkte sansing av objektverda utan hittil formulert språkleg formidling.

Dette er som nemnt ikkje det samme som at litteraturen kan formidle innsikt/ erkjenningar/kunnskap *direkte*, ei heller at litteraturen kan vere ei form for *direkte* erkjenning i seg sjølv. Men det inneber, og markant poengtert, at litteraturen er eit estetisk område for verksemد som har eigenskapane til å gripe bakanfor skjemata, mulighetsvilkår, kategoriar, og til å stille seg open og utan hittidig språkformulering overfor direkte sanseimpulsar avgitt av objektverda. Og vidare at lesinga-sansinga av eit slikt litterært objekt då uvilkårleg vil gi sansing, utfordre, kritisere, gi refleksjonsrom for, kontekstuelte og skjemata-bundne kategorivektingar. Og at lesinga-sansinga – både ved den litterære frambringings eigne strukturar og dynamikk i forholdet mellom repetisjons-typane, og ved vår eiga lesing av det framstilte – i den kreative og nødvendige nykontekstualiseringa, og nødvendiggjorte, språkleg nye formuleringa – legg grunnlaget (og dei nye mulighetsvilkåra) for ein ny forstand/forståing. Dermed òg for eit endra regime innanfor hvilket det som vi må leve med som mulighetsvilkårleg/kategorialt betinga erkjenning, radikalt kan endre seg.

Verdas objekt (bakanfor kjend sansing og gripbar språklighet) kan avgi ikkje-“filtrerte” sanseintrykk – som skiplar om på vårt til eikvar tid gjeldande kunnskaps/innsikts/erkjennings-“filter”, lar det henge der i den av-kontekstualiserte “lufta”, inntil vi ved eiga, kreativ nykontekstualisering grip den litterært-materielle direktesansinga, refleksjonen, og nyformuleringa vår ei nyskapt, nå på nytt “filtrert” erkjenning i den konteksten vi då har ny-oppretta. (Dette kallar Hillis Miller jamvel eit “demokratisk” trekk ved god, kreativ litteratur.)

Litteraturen er slik forstått ikkje rett ut ei formidling av erkjenningar, ei heller er litteraturen beint fram ei form for erkjenning. Men litteraturen er ei form for skipande brot med dei “filtrerande” mulighetsvilkåra og kategoriane som vi er, hhv. må vere, berarar av. Denne skipplinga legg til rette for (formidlinga av) ei ny erkjenning slik den må forståast i Det moderne (som mulighetsvilkårs-betinga). Den legg òg til rette for at litteraturen sjølv er ei uhyre viktig sanse- og språkverksemد som kan la slik skapande endring av kategoriale mulighetsvilkår inntreffe. Og nettopp det: dei *inntreffer*, som hendingar, events, sanse- og språkhandlande forekomstar i fysisk, mental og diskursiv verksemد. Dei gjer, i det språklege repetisjonsspelet mellom de to typane repetisjon – ved sansingas direkte input i språklegheita (som gir hhv., på den sine sidas, lyst: glede; på den andre ytterkanten: og/eller ulyst: frykt, angst) – at noko radikalt annleis kan framtre, for vår eiga skapande nykontekstualisering. Dette er den type erkjenning som er mogleg i Det moderne, og som er den forma for erkjenning vi i vår “time and age” har som mulighet(svilkår). Erkjenning innanfor dette post-kantianske synet er dermed ikkje og kan ikkje vere såkalla “sann” kunnskap (lenger), anna enn i den forstand at den er den før-kunnskaplege sanse- og språkleg-skipande augneblinkserfaringa, som legg til rette for ny/re-kontekstualisert erkjenning. Men den er ny kunnskap/erkjenning som på basis av dei mulighetsvilkår og kategoriar som finst, er den einaste moglege for oss – men slik også: den radikalt endrande mogleheita vi er overgitt andsynes mulighetsvilkåra og kategoriane.